# Meland kommune

Anne Lise Gulli Geitanger
Holtermandsvegen 4
5918 FREKHAUG

| | | |
|---|---|---|
| Referanser: | Saksbehandlar: | 15.03.2017 |
| Dykkar: | Kjersti Møllerup Subba | |
| Vår: 14/3224 - 17/5362 | kjersti.mollerup.subba@meland.kommune.no | |

## REGULERINGSPLAN FOR DANIELSEN SKULE

**BEGRENSA HØYRING**
Forslag til reguleringsplan for Danielsen skule var til offentleg ettersyn og høyring sommaren 2013. Etter at saka har lagt ei tid i bero, ønskjer forslagstillar (Nordhordland indremisjon) no å sluttføre planarbeidet. I samband med dette vert det no jobba med naudsynte justeringar av planforslaget slik at dette kan fremjast til endeleg vedtak i kommunestyret.

Kommunen har i si sakshandsaming etter offentleg høyring bede om at fortauet som i planforslaget til offentleg ettersyn var lagt på sørsida av Mjåtveitvegen, no vert flytta til nordsida av vegen. Dette er i samsvar med gjeldande reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, og vil også gjere at vi får eit samanhengande fortau på nordsida av Mjåtveitvegen. Vidare har vi, med anna etter kontakt med dykk, bede om at gangvegen som går forbi tomten dykkar blir trekt litt lenger nordover slik at den ikkje ligg så tett på eigedomen. Utsnittet under viser planforslaget før det no ligg føre.




Sidan dykkar eigedom blir direkte berørt av endringane i planforslaget, vil vi med dette brevet varsle om desse endringane, jf. plan- og bygningsloven § 12-10.

**Postadresse**
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

**Kontakt**
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

**Merknader til endringa i planforslaget** må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan de senda e-post til postmottak@meland.kommune.no eller brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stilast til planavdelinga.

**Merknadsfrist er sett til 03.04.17.**
Dersom de har spørsmål i saka kan sakshandsamar Kjersti Møllerup Subba kontaktast på tlf. 56 17 11 73.

Med helsing

Kjersti Møllerup Subba
Rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Anne Lise Gulli Geitanger | Holtermandsvegen 4 | 5918 | FREKHAUG |
| Kåre Norvald Geitanger | Holtermandsvegen 4 | 5918 | FREKHAUG |